



Arkivsaknr: 2025/9033-17
Sakshandsamar: Inge Andre Johannessen
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

Klage på avslag på søknad om oppføring av tremannsbustad, gbnr. 139/94, Klokkarstien 4

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	03.06.2026

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen i frå tiltakshavar på avslag løyve og søknad om dispensasjon datert 15.02.2026, vert teke til følgje på vilkår.

Vedtaket som administrasjonen innstiller på lyd slik:

«Alver kommune gjer dispensasjon frå plankrav for oppføring av tremannsbustad på gbnr 139/94 Tveiten. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Det må ligge føre løyve til auka bruk av avkøyrsløye og dispensasjon frå byggjegrænse mot veg frå vegmynde for tre bueiningar før det kan gis byggjeløyve. Eventuelle vilkår må oppfyllest.»

SAKSUTGREIING

Administrativt saknr. 107/2026

Påklaga vedtak	Søknad om løyve og dispensasjon, datert 15.02.2026
Tiltak:	Oppføring av ny tremannsbustad
Søknadstype:	Dispensasjon og søknad om tiltak
Eigedom:	Gbnr. 139/94
Adresse:	Klokkarstien 4, 5911 Alversund
Tiltakshavar:	HMSS EIENDOM AS
Klagar:	Tiltakshavar

Vurderingstema for APM

APM må vurderer om tiltakshavar skal få lov til å byggje tremannsbustad på eigedommen utan reguleringsplan.

Tomten ligg i område for bustadbygging i kommuneplanens arealdel. Det følger av KDP Knarvik- Alversund- Alverstraumen at det er krav om reguleringsplan dersom ein skal byggje meir enn to bueiningar. Tiltakshavar ønsker ikkje å ta initiativ til reguleringsplan. Det er difor søkt om dispensasjon frå plankravet i byggjesaka.

Tiltaket ligg i omsynssone bevaring kulturmiljø for indre farlei (H570_1) og gul støysone (H220). Det ligg føre støyrapport i saka, som konkluderer med at tiltaket vil ligge innafor grenseverdiane for støy. Sjå vedlagt.

Dersom APM vel å snu, kan dei berre gjere vedtak om innvilga dispensasjon. Søknad om løyve til tiltak kan ikkje innvilgast før det ligg føre løyve til auka bruk av avkøyrslø og dispensasjon frå byggegrense veg frå Vestland fylkeskommune som er trafikkmynde i saka. Administrasjonen ber difor om at et vert stilt vilkår om dette i eit eventuelt dispensasjonsvedtak og at saka sendast tilbake til administrasjonen for vidare handsaming. Vidare er det viktig at ein i grunngjevinga viser at omsyn til barn og unges interesser blir ivaretekne.

Vedtaket det klagast på

Vedtaket det klagast på lyd slik:

«Alver kommune avslår søknad om dispensasjon frå plankrav for oppføring av tremannsbustad på gbnr 139/94 Tveiten. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2. Alver kommune avslår søknad om rammeløyve til oppføring av tremannsbustad med parkering, terrenginngrep, VA-leidningar på gbnr 139/94 Tveiten. Vedtaket er heimla i plan -og bygningslova §20-1 a), jf. §20-3.»

Administrasjonen syner til innstillinga over og legg til grunn ei positiv innstilling i klageomgangen på vilkår om at vegmynde gjer naudsynte tillatingar knytt til auka bruk av avkøyrslø og dispensasjon frå avstand til fylkesveg for ein ekstra bueining.

Klage, klagerett, klagefrist og tidlegare handsaming i APM

Klagar har klagerett i saka. Vedtak i saka er sendt ut 15.02.2026. Kommunen har mottatt klage frå tiltakshavar 09.03.2026 og klagen er soleis mottatt innan fristen. Klager er tiltakshavar og det ligg difor føre rettsleg klageinteresse i saka.

Saka har ikkje vore handsama av APM tidlegare.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel KDP Knarvik- Alversund- Alverstraumen er definert som bustadføre mål B2 Tveiten med høve til oppføring av to bueiningar utan reguleringsplan. Tiltaket er i konflikt med støysone gul H220 og omsyn H_570_1 Bevaring kulturmiljø i KDP Knarvik- Alversund- Alverstraumen.

Kart og foto




fig. 1 situasjonsplan



fig 2 ortofoto før tiltak – bygga er godkjend rive

Uttale frå andre mynde

Det ligg føre uttale frå Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune som er vegstyresmakt. Dei har uttalt seg negativt både når det gjeld dispensasjon frå byggjegrænse mot veg og utvida bruk av avkøyrsløp.

Vestland fylkeskommune - uttale knytt til dispensasjon:

«Vestland fylkeskommune, ved Infrastruktur og veg, har tidlegare uttalt seg til saka i brev datert 03.11.2025 og gir denne uttalen som følgje av at søkjar har bedt om ny høyring i samband med klagehandsaminga. Vi har òg gitt ei uttale til sjølve krysset 14.01.2026. Bakgrunnen for uttalen var dialog med vegavdelinga i kommunen etter at søkjar ønskte å endre avkøyrsløpet slik at dette koplar seg på kommunal veg (sjå figur 1). Sidan vi likevel hadde merknadar til krysset vart vi einige om at fylkeskommunen skriv ei uttale med dei vilkåra som må stillast knytt til kryssutforminga av krysset mellom fv. 5476 og KV Klokkearstien.

Uttalen frå 14.01.2026 inneheld avklaringar om kryssutforming som ikkje låg føre for byggesak ved tidlegare handsaming, og må difor leggjast til grunn ved den vidare vurderinga av saka.

Utover dette kan vi ikkje sjå at det i klagen eller i dei nye opplysningane i saka ligg moment som endrar vår tidlegare vurdering. Vi kan heller ikkje sjå at fylkeskommunen si rolle eller våre uttaler har vore avgjerande for kommunen sitt avslag. Vi har ikkje vesentlege merknader til saka utover det som alt er uttalt, og vi støttar kommunen si vurdering.

Plankrav

Krysset mellom eigedomen og fylkesvegen er utflytande og treng oppstramming. Vi er samde med kommunen i at ein reguleringsplan vil gi ei betre og meir heilskapleg vurdering av tiltaket og konsekvensane for fylkesvegen. Vi meiner at krysset bør inngå som del av ein eventuell reguleringsplan for området.

Støy

Når det gjeld støyforhold, er det kommunen som er støymyndigheit. Tremannsbustaden ligg innanfor gul støysonen frå fylkesvegen, og vi støttar kommunen og Statsforvaltaren si vurdering av støyforholda. Dersom det likevel skulle bli gitt dispensasjon frå plankravet og seinare frå byggjegrænse, gjer vi merksam på at det ikkje kan krevjast erstatning eller støyredukerande tiltak frå fylkeskommunen som følgje av støy frå fylkesvegen. Dette vil vere eit vilkår i eit eventuelt vedtak etter veglova. Uttalen frå 14.01.2026 vart gitt etter dialog med vegavdelinga i kommunen og inneheld avklaringar om kryssutforming som ikkje låg føre for byggesak ved tidlegare handsaming, og må difor leggjast til grunn ved den vidare vurderinga av saka.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune, ved Infrastruktur og veg, støttar kommunen si vurdering i saka. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å endre tidlegare uttaler eller for ein annan konklusjon enn den kommunen har kome til. Dersom kommunen likevel vurderer å gi dispensasjon frå plankravet, meiner vi det må stillast vilkår om oppstramming av krysset i tråd med vår uttale av 14.01.2026. Vi ber om å få eventuelt dispensasjonsvedtak tilsendt i samband med klagehandsaminga.»

Vestland fylkeskommune - uttale knytt til auka bruk av avkøyrsløse:

«Saka gjeld

Det er søkt dispensasjon frå plankrav for etablering av tremannsbustad på gnr. 139 bnr. 94 langs fv. 5476 i Alver kommune. Eigedomen er i kommuneplanens arealdel avsett som framtidige bustader. Det er høve til å oppføre 2 bueiningar i B2-område utan plankrav. Det vert no søkt om tremannsbustad, og tiltak treng difor dispensasjon frå krav om reguleringsplan.

Historikk i saka

Vestland fylkeskommune, ved infrastruktur og veg har i vedtak datert 19.06.2025 gjeve dispensasjon frå byggjegrense for oppføring av tomannsbustad langs fylkesveg 5476, Skarsvegen. Vedtaket stiller vilkår om at avstand frå bygg (inkludert takutspring) til senterlinja på fv. 5476 skal vere minst 25 meter. I vår uttale datert 03.11.2025 vart det informert om at tiltak med oppføring av tremannsbustad krev ny søknad om dispensasjon frå byggjegrensa, då tiltaket er meir omfattande og kostnadskrevjande enn det som vart gjeve dispensasjon for i vedtak datert 19.06.2025. Vidare var vi kritisk til plassering av tilkomstveg då den låg i krysset mellom kommunal veg og fylkesveg. Eksisterande avkøyrsløse er ikkje i tråd med krava i Statens vegvesen si vegnormal N100. I tidlegare uttale datert 11.03.2024 har vi peikt på at krysset mellom Klokkarstien og fylkesveg 5476 er utflytande, og at det bør strammast opp slik at det får eit tydelegare inn -og utkøyringspunkt.

Avkøyrsløse ligg i kryssingspunktet mellom kommunal veg og fylkesveg. På bakgrunn av dette har vi vore i dialog med Alver kommune og er samde om at vi gir ei uttale i saka med føreslåtte vilkår, medan Alver kommune fattar endeleg vedtak.

Vilkår for løyvet

1. Løyvet gjeld utvida bruk av avkøyrsløse for oppføring av tremannsbustad med vilkår om utbetring.
2. Avkøyrsløse skal vere plassert og i samsvar med vedlagt situasjonsplan, sjå vedlegg 1.
3. Avkøyrsløse skal utformast i tråd med vedlagd prinsippskisse «Krav til utforming av avkøyrsløse». Krava er mellom anna:

- a. Siktkravet er 45 meter fri sikt i begge retningar frå eit augepunkt 4 meter inn i avkøyrsla. Det kan ikkje vere sikthinder i siktsona høgare enn 0,5 meter frå nivået på vegbana.
- b. Svingradius skal vere 2,5 meter mot nord og 4 meter sør. Svingradius mot nord skal avgrensast mot sideterrenget med betongkant, grøft eller annan avvisande kant.
- c. Avkøyrsla skal ha fall på 5 cm dei to første metrane frå fylkesveg og inn på tilkomstvegen, slik at ikkje overvatn renn ut i fylkesvegen.
4. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje er nødvendig å manøvrere og rygge på offentleg veg.
5. Dersom avkøyrsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr som skal leie vatnet under avkøyrsla. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og eigna for inspeksjon. Det må leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyrret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå «Krav til utforming av avkøyrslar» som følgjer vedlagt.
6. Dette vedtaket gjeld berre tilknytingspunktet til offentleg veg, fylkesveg. Søkar må sjølv avklare dei private eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som eventuelt trengs for bruk og utbetring av avkøyrsla, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
7. Arbeidet må vere starta opp innan tre - 3 - år etter at vedtaket er gitt, om ikkje fell løyvet bort.»

Uttale frå Statsforvaltaren i Vestland:

«Vi viser til brev datert 19.03.2026 frå Alver kommune, e-post datert 31.03.2026 frå Majo Bygg AS og vår tidlegare uttale datert 03.11.2025 til søknad om dispensasjon.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankrav for oppføring av tremannsbustad på gbnr 139/94 Klokkearstien 4. Kommunen har avslått søknad om dispensasjon og søknad om rammeløyve for oppføring av tremannsbustad den 15.02.26. Søkjar har klagt på vedtaket den 09.03.26. Søknaden er sendt til uttale på ny, ettersom det no er lagt ved ein støyrapport.

Statsforvaltaren si vurdering

Vi støttar i all hovudsak kommunen si vurdering i avslag på dispensasjon.

I vår tidlegare uttale 03.11.2025 hadde vi merknader til at det ikkje var utarbeida ein støyrapport. I tillegg viste vi til statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet og rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging.

Det er no utarbeida ein støyrapport som viser at alle fasadar får støynivå under grenseverdiane, det same gjeld uteoppfallsareal på vestsida av bygget. Vi har etter dette ikkje vesentlege merknadar til støy, så lenge arealet på vestsida av bygget er

stort nok og på andre måtar eigna til naudsynt areal for uteopphaldsareal og eventuelt leikeareal.

Vi saknar ein grundigare vurdering av kva konsekvens saka har for barn og unge jf. punkt 4 a i rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging. Det må særleg gjerast ein konkret vurdering av punkt 5 i retningslinjene. Er det til dømes gode nok leikeareal i nærleiken, eller er det behov for fellesareal for leik i dette området? Dette er viktige vurderingar når ein skal vurdere om det kan byggast fleire einingar enn kommuneplanen legg opp til, og om det må vere plankrav eller eventuelt om det må settast vilkår til ein dispensasjon.

Statsforvaltaren rår i utgangspunktet til at kommunen følger kommuneplanen i denne saka, og ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.»

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå plankravet i KDP. Plankravet slår inn å oppføre tomannsbustad i dette avsett bustadområde B2 i tråd med kommunedelplanen utan plankrav. Det ligg føre dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg sak 24/3692, datert 26.06.25. Tiltaket er tillat plassert ca. 6 meter frå midten kommunal veg i dette vedtaket etter veglova.

Klagegrunnar

Klagar har komen med følgjande hovudpunkt i klagen:

1. Saka må ikkje handsamast før avklaringar frå Statsforvaltaren og Fylke er på plass.
2. Søkjar meiner at omsyn til plankrav er ikkje vesentleg satt til side.
3. Søkjar er samd i at 3-mannsbustad belastar infrastruktur meir enn 2-mannsbustad tillat i planen, men ikkje samd i at 3-mannsbustad fører til større miljøbelastning.
4. Uteopphaldsareal ligg utanfor gul støyzone, den er godt eigna til leik, opphald, det er tilfredsstillande 6 p-plassar til bustad.
5. Søkjar skrivar at det er feil å trekkje fleire uregulerte områder enn B2 inn i vurderinga knytt til plankravet
6. Søkjar klagar på at støyrapport frå SWECO er teke omsyn til i vedtaket

I ettertid har både statsforvaltar og fylkeskommune svart. Uttalene er vedlagt saka og vist til over. Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

KOMMUNEN SI VURDERING VED HANDSAMING AV BYGGESAKA

I samband med handsaminga av søknaden vart det gjort følgjande vurdering:

«Det er to vilkår som begge må vere oppfylt for at kommunen skal kunne gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føreseigna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. I tillegg kan ikkje kommunen gi dispensasjon dersom omsyna bak lovas formålsregel eller nasjonale eller regionale interesser blir vesentleg tilsidesett. Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør

ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Vurdering av omsynet - plankrav:

Omsynet bak krav om reguleringsplan er å oppnå ei heilskapleg arealstyring, der alle naudsynte forhold vert grundig vurdert i ein reguleringsplanprosess. Søker argumenterer for at bustadområde B2 er ferdig utbygd, tiltaket skal auke tal bueiningar med 1, mens tomtestorleik er aukt ved arealoverføringa, samtidig som tiltaket har fått godkjent avkøyrse og har mogelegheit å koplase til kommunalt VA-anlegg. En del av område inklusiv omsøkte eigedommen er ikkje bygd, avsett til bustad i KDP og har potensiale å utviklast som bustadeigedommar, men utbygningstakt skal skje i tråd med framtidig reguleringsplan.

Det er satt særkrav i KDP vedrørande område B2: det er høve å bygge 2 bueiningar utan plankrav. Administrasjon er usamd med søker i at endra tal bueiningar frå 2 til 3 skal ikkje belaste infrastruktur meir. I tillegg skal dispensasjon danne presedens for liknande saker i pressområde nær kommunale sentrum.

Kartutsnitt av resterande ikkje regulert område ved B2 i KDP Knarvik-Alversund - Alverstraumen:

Å oppføre tremannsbustad er ei stor endring for eigedommen, som er avsett i KDP gjennom lang planprosess for tomannsbustad i område B2 Tveiten.

Administrasjonen kan ikkje sjå arealmessige fordelar ved oppføring av 3 bueiningar utan plankrav i staden for 2 på omsøkte tomten: meir areal går til bygningsmassar, parkering, sning, terrenginngrep. Det vert mindre areal for uteopphald, leik, ubygde del av tomten.

Eigedommen får større trafikkbelastning, skal belaste meir kommunalt VA-anlegg, fortette uregulert område. Det kom 2 merknader i saka som talar for at naboar sine interesser er råka ved oppføring av 3 bueiningar i staden for 2 i tråd med kommunedelplanen.

Ein reguleringsplanprosess vil kvalitetssikre utbygginga av eit mykje større område enn det søker tek stilling til. I ein slik prosess har både kommunen og innbyggjarane større føresetnadar for å kunne vurdere konsekvensane av nye tiltak. Utbygging utan reguleringsplanprosess kan føre til at områder blir disponert annleis enn korleis dei ville vert gjort elles. Det i bustadområde og skal settast av plass til områder for leik, opphald, infrastruktur og grønstruktur. Det er vanskeleg å vurdere korleis områdene best skal disponerast ved stykkevis utbygging med tanke på både volum, infrastruktur, overvatn, leik og opphaldsareal.

Administrasjonen vil ikkje danne presedens for dispensasjon frå plankravet i eit område med streng praksis, kor det er gjennom kommunedelplan teke stode til kor mange bueiningar kan tillatast. Dette område er sentrumsnær, attraktivt med lett tilgang til offentleg transport, kyrkje, barneskule, strand og har stor utbyggingspress i

siste årene. Kommune vil holde på plankravet for best mogeleg utviklingspotensiale og god resultat for innbyggjarane i kommunen.

Kommunen er samd med statsforvaltaren i at plassering av tiltaket i gul støysone langs fylkesveg dannar ikkje godt bumiljø for familiar, barn og unge. Det er ikkje optimalt å opne for fleire bueiningar med omsyn til helse utan fullstendig planprosess ifølgje statlege planretningslinjer for arealbruk og rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging.

Sjølv om det ligg føre Støyrapport frå SWECO med konklusjon at det skal ikkje gjennomførast avbøtande støytiltak for uteopphaldsareal eller bustader slik det er omsøkt, stiller kommune seg kritisk til å tillate fleire bueiningar i gul støysone. Ved «Kan-vurdering» av dispensasjon talar denne moment imot dispensasjon, då det er forsvarleg å ikkje tillate fleire bueiningar i gul støysone, enn plan sier. Viktig moment i «Kan-vurdering» i dispensasjon er at arealmessige bukvalitetar og uteopphaldsareal for born og familiar vil vere betre ved oppføring av 2 bueiningar i staden for 3. Det er positivt at tomtestorleik ble større ved nyleg arealoverføringa, dette gir betre bukvalitetar og uteopphaldsareal til 2 bueiningar som kan oppførast i tråd med KDP i B2-bustadføremål.

I tillegg har ikkje Vestland fylkeskommune gjeve dispensasjon frå avstandskrav ved oppføring av tremannsbustad på avstand 25 meter frå vegen. Det er gjeve dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg for tomannsbustad. Vestland fylkeskommune meiner at de skal vurdere belastning av fylkesveg, sjølv om næraste offentleg veg er kommunal og kommunal vegmynde har gjeve løyve til ny avkøyrse for tremannsbustad.

Administrasjonen er samd med fylkeskommune at i KDP ble det teke stode til maksimalt to nye bueiningar på avsett for bustad B2 område. Når det er søkt om 3 bueiningar i staden for 2, skal fylkeskommune uttale seg om aukiing i trafikken og vurdere tryggleik og belastning på fylkesveg.

Administrasjonen kan ikkje sjå arealmessige fordelar ved oppføring av 3 bueiningar utan plankrav i staden for 2 på omsøkte tomten: meir areal går til bygningsmassar, parkering, snuing, terrenginngrep, belastning på eksisterande infrastruktur aukar. Det vert mindre areal for uteopphald, leik, ubygde del av tomten.

Vurdering av fordelar og ulemper

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at område har utviklingspotensiale for utarbeiding av reguleringsplan, at det ble teke stode til utvikiing av denne konkrete eigedommen i KDP føresegn med 2 bueiningar, at tiltaket kan danne uheldig presedens å unngå reguleringsplan i liknande saker i pressområde, at bukvalitetar og uteopphaldsareal for born og familiar vil vere betre ved oppføring av 2 bueiningar i staden for 3.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå plankrav er ikkje oppfylt. Administrasjonen si vurdering er at det er naudsynt med

reguleringsplan i området ved auking av bueiningar og at omsyna bak plankravet vil verte vesentleg tilsidesett. Vilkår for å gje dispensasjon er ikkje oppfylt.

Når det ikkje vert gjeve dispensasjon, vert søknad om oppføring av tremannsbustad avslått.»

KOMMUNEN SI VURDERING I KLAGEOMGANGEN

Føremålet med plankravet er å sikre at tiltak blir tilstrekkeleg utgreidd og gjenstand for medverking offentlegheit samt sikre at utbygging skjer etter en heilskapleg og grundig vurdering. Kommunen skal ta omsyn til infrastruktur, miljø og naturmangfald, og sikre at naboar og andre partar blir høyrde.

Administrasjonen har vurdert klagegrunnene opp mot dette, og finn å kunne rå til at det likevel blir gitt dispensasjon frå plankravet i dette høvet.

Kommunen vurderer i klageomgangen det slik at spørsmålet om hensyna bak plankravet vert vesentleg tilsidesett i all hovudsak er knytt til dei vurderingar som vegmynde skal gjere.

Dersom dei gjer dispensasjon frå byggjegrænse mot veg og løyve til utvida bruk av avkøyrsløp, er ikkje lenger omsyna bak plankravet vesentleg tilsidesett. Ein har med utgangspunkt i omsyna som ligg bak plankravet vurdert at dei vil vere tilstrekkeleg ivaretekne dersom vegmynde gjer løyve til plassering og auka bruk av avkøyrsløp. Støyproblematikken er avklart i støyrapport. Det er i tidlegare uttale frå fylkeskommunen satt fleire krav knytt til bruk av eksisterande avkøyrsløpsløyser. Det er administrasjonen si vurdering at dersom desse krava vert oppfylt, vil omsyna som ligg til grunn for plankravet vere stetta.

Dersom vegmynde gjer løyve som nemnt over, vil det etter administrasjonen si vurdering ikkje vere nemneverdige ulemper knytt til tiltaket. Ei syner her til at støyproblematikken vurderast løyst. Administrasjonen ser vidare at fordelane vil vere klart større enn ulempene, då ei utviding av tal bueiningar med ein, vil gje auka tilgjenge på bustadmarknaden.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det er grunnlag for å ta klagen til følgje og gje dispensasjon. På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen vert tatt til følgje i tråd med framlegget. Saka må deretter sendast tilbake til administrasjonen for vidare handsaming.

GENERELL INFORMASJON

Vidare sakshandsaming

Om administrasjonen sitt framlegg blir vedteke, er det eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal då sendast til Statsforvaltaren og andre partar i saka til klagevurdering.

Dersom det opprinnelege vedtaket vert ståande, sendes saken til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Nytta lovverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslova § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel handsamast når det ligg føre særlege grunnar eller klagar ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslova §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeve, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen sitt utløp, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva ein ønsker endra og vere underteikna av klagar eller fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslova § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsett iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovas § 42.
- Med visse unntak har partane rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslovas § 11.
- Kommunen vil kunne gje naudsynt rettleiing for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovas § 11.
- Kommunen si frist for å førebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaka, er det høve til å krevje dekking av naudsynte og vesentlege kostnader til advokat eller utgifter til annan juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovas § 36.
- Søksmål om gyldigheita av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin moglegheit til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømming frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningslova § 27 b.

Vedlegg

- 1 Foreløpig svar på søknad om dispensasjon fra byggegrense - tremannsbolig - gnr. 5476 - gnr. 139 bnr. 94 - Alver kommune.pdf
- 2 Uttale - dispensasjon - tremannsbustad - gnr. 139 bnr. 94 - Klokkarstien 4 - Alver kommune.pdf
- 3 Uttale - avkøyrsløp - tremannsbustad - gnr. 139 bnr. 94 - Alver kommune.pdf

- 4 Uttale - ny høyring - dispensasjon - Alver 139_94 - Klokkekarstien 4 - tremannsbustad.pdf
- 5 Klage på avslag på søknad om oppføring av tremannsbustad, Klokkekarstien 4 - gbnr. 139/94